

Protokoll styremøte Valdresmusea AS**2020:3**

Stad: Microsoft Teams

Tidspunkt: Måndag 20. april kl. 20.00.

Frå styret: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Jørund Ø. Lunde, Brita Brenna, Gunhild Vegstein Leite, Odd Arne Klemmetsrud og Kristin Gulbrandsen. Frå administrasjon: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 7/2020 Rehabilitering av tak

Styret for Valdres Folkemuseum AS har sidan i februar drøfta omfang og finansiering rundt rehabilitering av administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum. Styret har vore i dialog med eigarkommunane og Kulturdepartementet om offentleg medfinansiering, og har hatt god dialog med Takst Innlandet om kartlegging av skadar og forslag til gjennomføring av tiltak.

I styremøte 20. april drøfta ein konsekvensane for Valdresmusea AS, dersom eigarselskapet tek på seg ytterlegare ein lånebelastning. Utover dagens utstillingslån vil eit nytt lån få store konsekvensar for driftsselskapet, som gjennom auka husleige må bere byrdene med dei låna som Valdres Folkemuseum AS til ein kvar tid tek på seg. Ei konsekvensutgreiing peiker på oppgåver og aktivitetar som i større eller mindre grad vil bli råka av ytterlegare lån.

Det eksisterande lånet gjer det krevjande for Valdresmusea AS å finne rom til å tilsette ein ny handverkar, noko som har vore eit mål for selskapet i fleire år. Ytterlegare eit lån gjer dette målet umogleg å realisere. Den føreslåtte salderingslista peiker på oppgåver og aktivitetar som vil råke oppgåver og aktivitetar ved alle avdelingane; særleg oppgåver som ikkje bidreg til verdiskaping eller fagleg utvikling. Avhengig av svaret frå kommunane, vil ei saldering blant dei tiltaka vere noko som styret for Valdresmusea AS må ta stilling til på eit seinare tidspunkt.

Styret for Valdresmusea AS er derimot inneforstått med behovet for rehabilitering av administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum – og at eigarselskapet må gjennomføre tiltaket i år. Styret for Valdresmusea AS stør derfor eigarselskapet i at det blir sendt søknad om medfinansiering til eigarkommunane.

Vedtak:

Styret for Valdresmusea AS sluttar seg til at Valdres Folkemuseum AS sender søknad til dei seks valdres-kommunane om støtte til rehabilitering av administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum som følgje av taklekkasje – dette i tråd med tilråding frå Takst Innlandet (31.03.2020) og tidlegare vedtak i styret for Valdres Folkemuseum (14.04.2020).